



**HOL KOMMUNE**

---

## **Retningslinjer for grendeutvala**

---

Vedtatt av Hol kommunestyre – 29.05.1997.  
Revidert 28.5.2009, sak nr. 45/09.

## **RETNINGSLINER FOR GRENDEUTVALA**

1. Grendeutvala er samansett av inntil 5 medlemmer med like mange varafolk som blir valde på grendemøte same året som det har vore kommuneval. Funksjonstida for grendeutvaler er valperioden. Grendeutvala vel sjølve leiar og nestleiar med funksjonstid 2 år på det fyrste møtet i det nyvalde grendeutvalget. Etter 2 år blir det vald ny leiar og nestleiar innan grendeutvalet.

Alle som er busett i grenda er valbare til grendeutvalget.

Det er ingan aldersgrense.

2. Arbeidet i grendutvala er frivillig og gir ikkje grunnlag for møtegodtgjørelse. Hol kommune yter et årleg driftstilskot på kr. 10.000,- til alle grendeutval i kommunen. Tilskottet skal utbetalast årleg innen den 20. januar. Resterande budsjettsbeløp kan nyttast til prosjektilskudd etter søknad fra grendeutvala. Prosjektilskudd til utvala skal handsames av kultur - og oppvekstetaten i samsvar med retningslinjer for tilskudd til kulturformål. Rådmannen oppnevner en av sine tilsette som kontaktperson for grendeutvala. Denne skal hjelpe til med kopiering og utsending
3. Grendeutvala bør fungere som eit ideforum innan næringsarbeidet i grenda og i den samanheng vera ein aktiv medspelar i kommunen.
4. Grendeutvala er høyringsorgan for kommunale planar som vedkjem grenda. Dei får også tilsendt saklistene for hovudutvala i kommunen og avgjer sjølve om dei vil gje uttale til utvala i saker som vedkjem grenda.
5. Grendeutvala bør arbeide for trivselsfremjande tiltak i grenda saman med dei lag og foreningar som fins i grenda.

Retningslinene er vedteke av Hol kommunestyre 29.mai 1997, sak 43/97 og revidert 28.5.2009, sak nr. 45/09.